

## Tertialmelding september 2014

### Utfordring:

Vi har fleire vakante sjukepleiarstillingar grunna overflytting til anna tenesteområde, svangerskapspermisjon osv. Vi har søkt aktivt etter nye medarbeidarar, men har ikkje lukkast i å få kvalifiserte søkarar. Sidan byrjinga av september har vi hatt to sjukepleiarar frå Ambio Helse for å avhjelpe situasjonen, og det ser dessverre ut til at vi må nytte dei ei god tid framover. Vi har framleis eit auka arbeid med å handtere samhandlingsreforma.

### Resultatet syner at vi ligg som forventa på dei fleste postane.

1. **Kjøp av tenester:** Vi har hatt utgifter til kjøp av sjukeheimsopphald i annan kommune. Grunna kjøp av institusjonstenester i annan kommune ligg forbruket i overkant på denne posten.
2. **Driftsutgifter utanom løn:** Vi ligg som forventa på desse postane. Utgifter til leige av personell frå vikarbyrå må påreknast. Vi står også overfor innkjøp av maskin til vaskeriet. Kva som vert endeleg pris har eg ikkje oversikt over pr. no.
3. **Driftsinntekter:** Vi har i år hatt fleire bebuarar innlagt på langtidsopphald noko som gjer høgare inntekt enn forventa. Men – dette gjer sitt til at fleksibiliteten i institusjonen vert låg og pressert på tilgjengelege plassar høgt.

Ser eg inntekt og utgift i saman har vi til no eit **overforbruk på 195 866**. Vonar vi skal gå i ballanse mot slutten av året.